

Humlepungen i Berlin-bryggeriar

16.10.2014



Det står att nokre restar av muren

Humlepungen Bryggjarlag har vore på fleire spennande studieturar rundt om i Europa og no går endeleg turen til Berlin der både små og store bryggeriar skal vitjast. Fredag skal delegasjonen innom både bryggeriar og mange historiske stader og ein stoppestad er mikrobryggeriet Linden-Hopfinger Brau på den nye Potsdamer Platz. Det har vore eit naturleg mål for mange nordmenn.



Dette er Lindenbrau på Potsdamer Platz

Eit anna og mindre mikrobryggeri dei skal innom er Lemckes Brauhaus.

Guiden tek også uskedelingane innom Kulturbryggeriet som ikkje er noko bryggeri i dag men som opprinneleg var nytta av Berlins største bryggeri Schultheiss. Det er framleis størst i hovudstaden, men måtte flytta for å kunne utvida produksjonen. Vagabondbryggeriet er ein annan aktuell stoppestad.

Utestaden Biergarten er Berlinreisande gjerne innom, men den er ikkje open på denne tida av året.

Guide Britt Hogstad Hansen vil som ein forstår ikkje berre ta for seg Berlins store historiske rolle men også ølets rolle for byen opp gjennom tidene under ein rundtur som tek 6 timar.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen